

Nikolaus Gjelsvik (1866–1938) om Fjørtofta

Prenta i *Den 17de Mai. Norsk folkeblad* den 22. januar 1900 (nr. 18)



Nikolaus Gjelsvik

Fjørtoft heiter ei liti rund øy paa nørste Sunmør. Det er langt inn til fastlandet, og berre nokre nakne skjær ligg utanfor og tek av for verste havsjørne. Paa utsida av denne øya ligg gardane Fjørtoft. Det er som ei liti verd for seg sjølv dette. Og det er vel ikkje rart med «kulturen» der, vil ein tru. Dei kjenner vel korkje bok eller blad der ute; det er vel berre fisken dei tenkjer paa. – Aa ja, ein kunde vel ha grunn til aa tru so. Men kjem ein paa land og tek til aa røa med folk, so vil ein nok faa anna aa vita. Um ein so kjem beinast fraa Kristiania, so kan dei nok fortelja baade eit og hitt um den og den boki som Kristianiamannen kanskje knapt hev høyrnt namnet paa. Og ber det inn paa politik og slikt, so finst der dei som hev fylgt betre med, en den gjævaste bymann. Det er varmhuga og evnerike folk. Og havet hev ale utferdshugen i dei. Knapt nokon gard i heile landet hev sendt ut so mange emnelege gutar som denne Fjørtoft-garden, eller grendi. Fyrst storhausen Olaus Fjørtoft, sidan mange andre som er spreidde rundt um i landet, ja, rundt um i verdi, kan ein seia. For ein vil finna dei baade i Amerika og Sudafrika. Ein av desse Fjørtoftingarna er institutstyrar Fjørtoft her i byen. Og havet tek sitt. Dei driv toskefiske um vinteren, kveitefiske paa bankarna um sumaren, stryk til Stavangerkanten paa makreldoring, oppunder Island etter sild og heimatt paa drivgarnsfiske til vinteren. Um baatarne er gode og handi fast, kan det likevæl henda ei ulukke. Ein skulde daa tru at denne blodtapping vilde arme grendi ut. Men nei, like fjerme og friske og tiltøke er dei. Dei er av dei beste fiskarane i landet. Dei fylgjer godt med i alt som er til fremde for fiskja; dei held seg med dei beste baatar og vegner. Men dei er ikkje mindre glade i sitt gode norske maal for det. Igrunnen var det desse fjørtoftingarne som fekk «Den 17de Mai» igang. Iminsto var det der tanken fyrst kom upp. Og ikkje hev dei slept handi av det sidan helder, skulde eg tru. Nokre ungdomar hev no teikna seg for 400 kr. nye luter. Det som her sagt um Fjørtofti, gjeld um dei andre Haramsøyarne med. Det er djerve og framtøke fiskarar, folk som er reide til aa «sætta livet ind» baade for ei verksemd og for landet, um det skulde turvast.

Nikolaus Gjelsvik var fødd i Vevring (noverande Askvoll) i Sogn og Fjordane den 11. april 1866. Han var den første bondefødde universitetslæraren i jus i Norge, og grunnleggjaren av det nynorske rettsmålet. Han var ei drivkraft i arbeidet for målsak (formann i Det Norske Samlaget, Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag), folkeopplysning (m.a. leiar for arbeidet med skiping av det første landsgymnaset) og nasjonalt sjølvstende (medlem av den norske delegasjonen til Karlstadforhandlingane i 1905, forfattar av den første læreboka i folkerett i Norge i tillegg til fleire arbeid om stats- og forvaltningsrettslege emne). Professor i rettsvitenskap frå 1906 til 1936. Ekstraordinær høyesterettsassessor frå 1900 til 1920.